Lånekassen

Fødselsstipend

Send inn dette skjemaet **etter** at du har fått barnet.

Har du rett til fødselsstipend for neste skoleår også? Då må du sende inn søknad om stipend/lån for neste skoleår.

G

Nynorsk

1 Personlege opplysningar

Kundenummer		Fødselsnummer (11 siffer)	
Etternamn		Fornamn og mellomnamn	
Adresse	Postnummer	Poststad	Telefon

2 Opplysningar om søkjaren

Oppgi fødselsdato/adopsjonsdato for barnet/barna Legg ved fødselsattest/fødselsmelding eller dokumentasjon som viser adopsjonsdato.	**Dato**
Bur du saman med barnet? Bur du berre delvis saman med barnet (delt omsorg) eller har samværsavtale, må du leggje ved dokumentasjon som viser at du har minst 40 prosent samvær.	☐ **Ja** ☐ **Nei**
Skal du ta permisjon frå utdanninga di? Dersom **ja**, legg ved stadfesting frå lærestaden din som viser permisjonsperioden.	☐ **Ja** ☐ **Nei**
a) Dersom du tek permisjon, før opp når du faktisk starta permisjonen. Starta permisjonen meir enn tre veker før venta termin, må du leggje ved anten • dokumentasjon frå skolen som viser at dette var ei tilråding eller eit krav frå skolen, eller • stadfesting frå lege som viser at tidleg permisjon skuldast sjukdom	**Dato**
b) Dersom du studerer i utlandet og ikkje bur på studiestaden i heile permisjonstida, må du oppgi adressa du bur på og perioden (frå-dato og til-dato).	**Adresse og periode**
Er du gift, registrert partnar eller sambuar med felles barn etter at barnet er født? Er du separert, kryssar du av for nei. Dersom du kryssar av for **ja**, må du fylle ut punkt 3 nedanfor.	☐ **Ja, eg er gift/registrert partnar** ☐ **Ja, eg er sambuar med felles barn** ☐ **Nei**

3 Opplysningar om ektefellen/partnaren/sambuaren din

Oppgi fødselsnummeret til ektefellen/partnaren/sambuaren din Registrerte partnarar har ikkje rett til fødselsstipend for partnaren sine barn. Er du registrert partnar, treng du ikkje fylle ut resten av punkt 3.	**Fødselsnummer**
Er ektefellen/sambuaren din i arbeid eller mottek trygd? Dersom **ja**, legg ved dokumentasjon som viser brutto inntekt/stønad/trygd per månad, f.eks. kopi av lønnsslipp eller utbetalingsslipp. Har ektefellen/sambuaren anna sysselsetjing, gi opplysning om det i eige vedlegg.	☐ **Ja** ☐ **Nei**
Skal ektefellen/sambuaren din ha fødselspermisjon frå arbeid? Dersom **ja**, legg ved dokumentasjon som viser periode for fødselspermisjon, f.eks. vedtaksbrev frå NAV. Fedrekvote blir ikkje rekna som fødselspermisjon.	☐ **Ja** ☐ **Nei**
Skal du og ektefellen/sambuaren din dele fødselspermisjonen? Dersom **ja**, oppgi kva periode du søkjer om fødselsstipend for. (Ektefellen/sambuaren din må sende inn eigen søknad om fødselsstipend.)	☐ **Ja** ☐ **Nei** **Frå dato** **Til dato**

4 Underskrifta til søkjaren

Eg forsikrar at opplysningane eg har gitt, er korrekte og så fullstendige som råd. Oppstår det endringar etter at søknaden er sendt, forpliktar eg meg til å gi Lånekassen skriftleg melding om det.

Stad/dato	Underskrift

Fødselsstipend

Vilkår
Får du barn medan du er i utdanning, kan du få fødselsstipend. Det gjeld både ved fødsel og adopsjon. Vilkåra er at

- du har hatt rett til stipend eller lån frå Lånekassen dei siste seks månadene før fødselen/adopsjonen
- du bur saman med barnet
- ektefellen eller sambuaren din ikkje samtidig får foreldrepengar (fødselspengar) frå folketrygda (unntak blir gjort ved bruk av ordninga med graderte foreldrepengar (tidskonto))

Fødselsstipend kan bli gitt i inntil 42 veker. Tre veker før og seks veker etter fødselen er reservert mor til barnet. Resten av perioden, 33 veker, kan anten mor eller far få fødselsstipend. Begge foreldra kan ikkje få fødselsstipend samtidig. Adopterer du barn, kan du få fødselsstipend i inntil 39 veker etter adopsjonen.

Permisjon
Du kan få fødselsstipend sjølv om du tek permisjon frå utdanninga. Tek du permisjon frå utdanninga tidlegare enn tre veker før fødselen, kan du få fødselsstipend dersom det skuldast sjukdom eller krav/tilråding frå skolen.

Kor mykje?
Fødselsstipendet tilsvarer det du maksimalt kan få som stipend og lån. Skilnaden frå vanleg støtte er at du i perioden med fødselsstipend får heile summen utbetalt som stipend.

Overgangsstønad
Er du elev med rett til vanleg vidaregåande opplæring og mottek overgangsstønad, kan dette få konsekvensar for kor mykje støtte du kan få. Du må derfor sende inn vedtaksbrev frå NAV trygd saman med blankett G.

Søknadsfrist
Søknaden om fødselsstipend med dokumentasjon må komme til Lånekassen seinast tolv månader etter fødselen.

Forsørgjarstipend

Du kan få forsørgjarstipend dersom du har barn under 16 år som du bur saman med. Forsørgjarstipendet er på 1 320 kroner per månad for kvart av dei to første barna, og 850 kroner for kvart av dei neste. Stipendet blir behovsprøvd mot inntekta til ein eventuell ektefelle/sambuar/partnar. Er bruttoinntekta hans/hennar over 22 250 kroner per månad, blir stipendet redusert eller fell bort.

Søknadsfrist
Søknaden om forsørgjarstipend må komme til Lånekassen innan 15. november for haustsemesteret og 15. mars for vårsemesteret. Har du oppgitt i søknaden at du ventar barn og fått tilsendt denne blanketten, blir søknadsfristen for forsørgjarstipend utvida til undervisningsåret/kurset er avslutta.

Slik søkjer du

Du søkjer om stipend og lån på vanleg måte via nettsøknaden eller søknadsblankett A eller B. Når barnet er født, søkjer du om fødselsstipend på denne blanketten (G), og legg ved den dokumentasjonen som er nødvendig.

Les meir i brosjyren «Når du får barn» eller på www.lanekassen.no/fodsel.

Adresser og telefonnummer til Lånekassen finn du på www.lanekassen.no/kontakt.
Blanketten sender du til: **Lånekassen, postboks 36 Kalbakken, 0901 Oslo**.